

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Foldreid

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: P. Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det som her blir oppskrive har eg frå bestefar min, f. 1835 (og han frå sin far), frå far min, f. 1860, frå bonde Andreas Synnes, f. 1874 og frå ymse oppskrifter etter det andre bygdefolk har fortald - attåt mi eiga röynsle.

1) Både ard og plog har vore brukt i Foldereid. Plogen har med vissa vore brukt dei siste 150 år, og sikkert mykje lenger. Men arden kom truleg først kring 1860. För den tid er det sterkt tvilsamt om ard vart brukt her. Ingen veit om at arden har vore brukt her til anna enn opptrekking av potetrader og til hypping av potet. Og för 1860 vart dette arbeidet overalt her gjort med grep. Men dette året kom det heim ein ungdom, Per Svarte, frå landbrukskolen på By ved Steinkjer. Han gjekk straks igang med ei sterkare og meir moderne gardsdrift, m.a. etter måten stor potetdyrkning, og det er heilt visst at han straks tok til å bruke ard i potetdyrkingsa. Det er truleg at han hadde arden med seg da han kom heim, eller modellen til han. Frå denne tida finn vi ard på stendig fleire garadar, men aldri i anna bruk enn ved potetdyrkning.

2) Ingen her har höyrd at arden vart brukt til å arde i åkern før såing eller til å molde ned korn med. Kornet vart horva ned med "stokkhov" eller hakka ned med grev.

3) No er arden på det nærmeste gått ut av bruk, og dei få som enno finst att, er fabrikkлага av jarn. Hyppeplog har aldri vore brukt her. Hestehakka avlöyste arden for 30-40 år sidan.

4) Frå gammalt var det liten skilnad på arden og plogen. Det var same "kroppen", men plogen hadde "skjæra" (kniv, ristil) og ei fjöl, arden hadde ikke "skjæra" og to fjöler^(av hæ). Variantane fig. 1-3 er ukjende typer her.

6) Desse namn var felles for ard og plog: a. Skjæret Dette var skodd med jarn rundt om. b. Læsten. Han var skodd med ei jarnspong under. c. Fjölin (fjöla) -vridd på pløgen, ikke på arden. d. Åsen. e. Beite som "skjekern" var festa i. f. Styre, grinda oppå som dei heldt i og styrde plogen (arden) med. Skoklane til ard og plog vart her kalla plogskjeker. Men det kan vera ting som tyder på at dei i eldre tid har vore kalla skoklar. Ein trepinne som vart sett gjennom ei lykkje til samankobling av plogskjekerne og arden eller plogen vart kalla "skokkelkjep". Plogskjekerne hadde ledbart beslag millom "aksele" (eitt) og kvar skåk.

7) Her er brukt berre ei type ardskjær. Og her har ikke vore meir ein slags ard på kvar gard.

8) Den ardtypen som vart brukt her hadde to velte-fjöler, ei på kvar side, og gjorde dermed både breie furer og laus mold. Dette hövde ved potet-dyrking, der dei fyllte furene med naturgjödsel.

- 9) Ordet *ard* er brukt berre om denne eine reid-skapen, aldri om nokor horvtype.
- 10) Djupna vart regulert med åsen som seinare nemnt for plogen.
- 12) Etter det ein kan skjöna, vart ardane gjort i bygda. Vi veit at some gjorde dei sjølv, og desse gjorde vel og til andre. Nokon fast bygdesmed var her ikkje i den tidbolken ardane var i bruk, men mange bönder smidde og snikra både til seg sjølv og andre. Frå jarnverk eller bruk vart sikkert ingen av desse ardane kjøpt. Det same gjeld plogane.
- 13) No blir det brukt berre moderne fabrikksmidde plogar. Dei første av dette slaget kom hit til bygda kring 1880 frå plogsmia hans John Moen, Heimdal ved Trondheim, og var kalla Heimdalplogar. Desse trengde fort unna dei heimegjorte, men det var og dei som heldt på "gammelplojen" så lenge dei heldt plog. Prisen på dei gamle, heimegjorte plogane er ukjent no. Kanskje vart dei kjøpt for pengar, kanskje vart det heller brukt bytting eller byttarbeid, det siste tykkjest mest truleg. Dei første Heimdalplogane kosta 30 kroner.
- 14) Den plogen som vart avløyst av Heimdalplogen var som fig. 8. Djupstillet var i bakenden på åsen. I bakerste "slira" på grinda var tappa eit langt hol som enden av åsen gjekk igjennom. Ved eit kildrev gjennom åsen attom "slira" vart så åsen festa i den högda ein ville av omsyn til plogdjupna. - Så lenge denne plogen var åleine, hadde han ikkje noko sernamn, ikkje som nokon no veit om, som norskplog e.l. Men i seinare år

har han nok vore omtala som "norskplogen". Dette kan gjerne vera noko som er kome fra böker eller skrifter, der han ofte har dette namnet. Om her har vore andre, kanskje meir primitive plogtyper før denne, har det ikkje vore råd å få klårlagt. Dette var i alle høve "plogen" da oldefar min, Mikkjel Leirvik tok til med gardsbruk her i bygda i 1828. Dei plogane som var her i bygda da, hadde vridd veltefjöl av tre, utan jarnskoning. Skjær og læst var jamnskodd som ovanfor omskrive for ard. I 1860-åra tok dei til å bruke veltefjöl av jarn på denne plogen. Kor dette kom ifrå er ukjent, men det skulle vera ein smed på Høylandet i Namdalén som hadde ordfor at han var flink til å "legge" plogfjöler. Gransking om denne smeden har til no ikkje førd fram. Det er mest truleg at veltefjöla av jarn også kom hit frå landbrukskolen på By, og at det var bygdesmedar utover bygdene som tok til å gjera dei, m.a. ein på Høylandet. Tre-veltefjöla vara likevel i mange år etter at jannfjöla var kome i bruk.

15) Ingen har visst å fortelje noko om at plogkaren hadde med reidskap til å reinske veltefjöla. Dei brukte gjerne foten eller ein flat stein til det

16) Det vanlege var vel å köyre plogen i retur med veltefjöla ned. Det var til minst fare for styret. Men det var og dei som hadde landsida ned, for å spare fjöla. Når dei da slo ein kloss på åsen, var det framom kniven (ristiln).

17) Noko namn på denne klossen, veit ingen nolevande her. Men "skithel" er kjent og brukt i ein annan samanheng i bygdemålet (om ein simpel kar), så det

er ikkje utenkjøleg at dette kan vera ein leivning etter denne klossen.

18) Venstreploug har ikkje vore brukt her i bygda før det kom fabrikkplogar av det slaget i handelen. Men dei har heller ikkje slått igjennom her. Venstreplogen skulle brukast til å plögje högre dalsidene ned igjennom dalen, så ein slapp köring imotfor å få velte unna.

19). Den vanlege plogdjupna med dei gamle plogane var 4-5 tommar. Regulering av djupna er omtala under pkt. 14. Slepesko eller hjul var ikkje brukt på dei gamle plogane. Dette kom først med fabrikkplogane. Heimdalplogen hadde hellerikkje det.

20) Det var altid ristil på dei gamle plogane.

21) Plog med berre ristil, festa til plogskjelettet, til å ta det loddrette snittet i jorda før plognaden, er ukjent her.

22) Nokon serskilt slede til å köyre plogane på heimanfrå, har ikkje vore brukt her. Var det litt lang veg, brukte dei gjerne ein steinslede til det

23) Falkenbergplogen (Jarlsbergplogen) eller ein liknande har aldri vore brukt her.

Her har i det heile sidan 1830-åra ikkje vore kjent andre plogtyper enn den som er omtala under pkt 14. - Her har vore skarpt skilje mellom plog og ard. Og all tradisjon om dette slår fast at "plogen" er den eldste og den som har det sterkaste ~~tak~~ feste i medvetet.- Ard blir uttala al med tjukk 1. Ard er handkjönn i bygdemålet.
